

# Rettleiing til minneinnsamlinga 2012-2013

*Rettleiing for den som skriv og sender minneoppgåva sjølv, og for den som assisterer bidragsytaren med tilrettelegging og ekspedering av materialet*

Det er viktig at all informasjon som følgjer materialet, er klar og eintydig. Alt må vere utfylt og svart på i avtaleskjemaet, datafiler må namngivast på ein bestemt måte og evt. transkripsjonar må gjerast etter bestemte prinsipp.

## 1. Avtaleskjema

- Pass på at alle personopplysningar kjem med
- Pass på at alle fem punkt om avtalevilkår er markert med enten ja eller nei

## 2. Merking av dokumenta

- Alt minnemateriale bør merkast tydelig med namn, fødselsår og fødestad
- Sett inn sidetal på alle dokument
- Datafiler (tekst- og lydfiler) namngivast på følgjande måte: MO12TelOla Andersen

Dette er ei forkorting som kvar fil skal ha. Dei fire første teikna viser til minneoppgåver samla 2012 (MO12), dei tre neste gir dei første bokstavane i det fylket oppgåva er frå (t.d. Tel for Telemark), og så følgjer fullt namn på den personen som har skrive/fortalt livshistoria si.

Fylkesforkortelser:

Ø-F Østfold	A-A Aust-Agder	S-T Sør-Trøndelag
AKH Akershus	V-A Vest-Agder	N-T Nord-Trøndelag
OSL Oslo	ROG Rogaland	NORNordland
HED Hedmark	HOR Hordaland	TRO Troms/Svalbard
OPL Oppland	S-F Sogn og Fjordane	FIN Finnmark
BUS Buskerud	M-R Møre og Romsdal	
V-F Vestfold		
TEL Telemark		

## 3. Transkribering av materiale

Det er svært viktig at transkripsjonen ligg så nært opp til originalen som mulig og at det ikkje blir «retta» på noko av det informant/medarbeidaren fortel, verken innhaldsmessig eller når det gjeld ortografi/syntaks. Minnematerialet bør skrivast ut med den dialekt/sosiolekt det blir fortalt i, med alle dei digresjonar etc. som munnlig forteljing inneber. Det er svært viktig fordi den individuelle

forteljarstil/språk er avgjerande for seinare forskning på materialet, der det kan vere vesentlig å sjå på ikkje berre *kva* som blir fortalt, men også *korleis* det blir fortalt.

a) Handskrivne og maskinskrivne dokument

- Skriv av bokstavrett, bruk forteljarens ortografi og teiknsetting

b) Lydfiler

- Skriv av så nært talemålet som mulig
- Ved ord og uttrykk som kan vere vanskelig å forstå, skriv normalnorske ord og uttrykk eller forklaringar i klammeparentes